

## Dimensjonering av klassar for Bygg-og anleggsteknikk skuleåret 2018/19

I Bygg-og anleggsfaga er det stor mangel på arbeidskraft og lærlingar.

Dette gjelder alle våre fag, men spesielt stort innan Betong, tømrar og røyr, men også innan mindre fag som malerfag og vent og blikk er det mangel på fagarbeidarar.

Vi har også fått eit nytt fag innan denne retninga som heiter Byggdriftarfaget.

### Sogndal Vg Skule

VG1 Bygg-og anleggsteknikk	4 klassar
VG2 Byggteknikk	2 klassar
VG2 KEM	1 klasse
VG2 Anleggsteknikk	1 klasse

### Florø Vg Skule

VG1 Bygg-og anleggsteknikk	2 klassar
VG2 Byggteknikk	1 klasse
VG2 KEM	1 klasse

### Stryn Vg Skule

VG1 Bygg-og anleggsteknikk	1.5 klassar
VG2 Byggfag	1 klasse

Her er det viktig at vi tek inn fleire elevar på VG1 da erfaringa frå dette distriktet viser at mange søker Vg2 anleggsteknikk og delvis VG2 Kem. Med denne lekkasjen vert grunnlag for VG2 i Stryn veldig svekka og vi kan da risikera at dette tilbodet ikkje vert sett i gang . Dette må vi unngå da behovet for VG2 Byggteknikk i dette området er stort i lokalt næringsliv.

### Måløy Vg Skule

VG1 Bygg-og anleggsteknikk 1 klasse

VG2 Byggfag 1 klasse

### Mo og Øyrane Vg Skule

VG1 Bygg-og anleggsteknikk 4-5 klassar

VG2 Byggteknikk 2 klassar

VG2 Anleggsteknikk 2 klassar

Her er det viktig å ta vare på den store søkningen på VG1 Bygg-og anleggsteknikk slik at vi danner eit godt grunnlag for VG2 til neste år.

Her er det viktig å presisere at BYGGOPP med våre 160 medlemsbedrifter ikkje kan gå inn for 2 klassar på VG2 anleggsteknikk om dette går på bekostning av ein VG2 Byggteknikk klasse utover det totale forslaget me sender inn. OKAB er så klare på at behovet for 3 klassar totalt på VG2 Anleggsteknikk er til stades og at det er rikelig med læreplassar. Med denne bakgrunnen går BYGGOPP inn for dette tilbodet og støttar auken frå 2 til 3 VG2 Anleggsteknikk klassar.

## Sissel Brusegård

---

**Emne:**

VS: Dimensjonering

**Fra:** Jan Erik Øygard [mailto:Jan.Erik.Oygard@mef.no]

**Sendt:** torsdag 5. oktober 2017 21:59

**Til:** Sissel Brusegård <Sissel.Brusegard@sfj.no>

**Kopi:** Thomas Østerbø <thomas@enservice.no>; Paul Olaf Baraas <Paul.Olaf.Baraas@mef.no>

**Emne:** Dimensjonering

Hei.

OKAB og anleggsbransjen har ei klar oppfatning på at det må vere 3 grupper (36 plassar) med Vg2 Anleggsteknikk i fylket som det er i dag. Det har vore svert stor søkning til Vg2 Anleggsteknikk og det kunne starta 4 grupper i år, men det er ikkje realistisk å få so mange ut i lære.

OKAB har i dag over 80 lærlinga. Det betyr at vi tar inn nesten 40 nye lærlinga kvart år.

Tall ut frå VigoBedrift i dag 5.okt har vi 86 aktive og 10 som er under behandling hos fylkeskommunen.

Med helsing

Jan Erik Øygard

Dagleg leiar

Mobil: 95 46 72 02

Opplæringskontoret for anlegg og bergfaga / OKAB

Maskinentreprenørenes Forbund / MEF

Firdavegen 6, 6800 Førde

Postadresse: Postboks 693, 6804 Førde

[www.mef.no](http://www.mef.no) / [www.okab.no](http://www.okab.no)

<http://www.visbrosjyre.no/okab/WebView/>

**Emne:**

VS: Innspel til tilbudet VGS hausten 2018

**Fra:** Anne Kauppi [mailto:anne@sognok.no]  
**Sendt:** fredag 6. oktober 2017 10:03  
**Til:** Sissel Brusegård <Sissel.Brusegard@sfj.no>  
**Emne:** Innspel til tilbudet VGS hausten 2018

Hei,

Denne kjem sikkert litt seint, men prøver meg likevel.

Sogn Opplæringskontor har teke inn over 90 lærlingar per no i 2017, desse fordelar seg på 19 ulike lærefag. Me er eit fleirfagleg/tverrfagleg opplæringskontor, og treng det mangfaldet av tilbod som dei vidaregåande skulane tilbyr per dato.

Dei faga me har hatt problem med å få nok lærlingar som er kvalifiserte er: kjemiprosessfaget, yrkessjåførfaget, institusjonskokkfaget, anleggsmaskinførarfaget, ventilasjon- og blikkenslagerfaget og trykkarfaget. Dei tre siste faga har me ikkje klart å få lærlingar i det heile, så me kunne heilt klart teke inn fleire. Kjemiprosessfaget hentar me lærlingar frå andre fylker for å dekke behovet våre medlemsbedrifter har i dette faget.

Eg vil tru at SOK vil ta inn like mange lærlingar i 2018 om ikkje fleire.

Eg oppfordrar på det sterkaste å ikkje ta ned tal klassar innan VG2 industrideknologi, VG2 kjemiprosess, VG2 sal, service og tryggleik, VG2 transport og logistikk, VG2 klima, energi og miljøteknikk.

Tal klassar på VG1 må samsvara med tilbudet som vert utlyst på VG2

Med venleg helsing

Anne Kauppi  
Dagleg leiar

---

Telefon: +47 911 20 643 | E-post: [anne@sognok.no](mailto:anne@sognok.no)

Sogn Opplæringskontor, Farnesvegen 32, 6884 ØVRE ÅRDAL

Postboks 213, 6882 ØVRE ÅRDAL



SOGN OPPLÆRINGSKONTOR

## Sissel Brusegård

---

**Emne:**

VS: Innspel til opplæringstilbudet

---

**Fra:** Tom-Øyvind Solheim [mailto:solheim@noropp.no]

**Sendt:** fredag 6. oktober 2017 09:53

**Til:** Sissel Brusegård <Sissel.Brusegard@sfj.no>

**Emne:** Re: Innspel til opplæringstilbudet

Hei Sissel.

Har ingen innspel på opplæringstilbudet pr.no.

Med vennleg helsing

Tom-Øyvind Solheim

Dagleg leiar

Nordfjord Opplæringskontor

T: +47 90 62 83 83

E: [solheim@noropp.no](mailto:solheim@noropp.no)

W: [noropp.no](http://noropp.no) / [superlarling.no](http://superlarling.no)

## Sissel Brusegård

---

**Emne:**

VS: Skoletilbudet 2018-19

---

**Fra:** Hans Børge Lillehaug

**Sendt:** torsdag 5. oktober 2017 11:13

**Til:** Sissel Brusegård <Sissel.Brusegard@sfj.no>

**Emne:** Skoletilbudet 2018-19

OKOS ber om at det blir sikra tilbod for elevane i Vg1 Helse og oppvekst ved Dale vidaregåande skule i relevante Vg2 for kommande periode.

*Hans-Børge Lillehaug*

**Opplæringskontoret for offentlig sektor i Sogn og Fjordane**

daglig leder

90 61 79 79

Firdavegen 6 (Concord), Pb.57, 6801 Førde

[www.okosweb.no](http://www.okosweb.no)

## Sissel Brusegård

---

**Emne:** møte arbeidsutval i fagopplæringsnemnda og opplæringskontoret v/leiarane

**Fra:** Bjarthe Heggheim [mailto:bjarthe.heggheim@nelfo.no]

**Sendt:** onsdag 27. september 2017 16:01

**Til:** Sissel Brusegård <Sissel.Brusegard@sfj.no>

**Emne:** SV: møte arbeidsutval i fagopplæringsnemnda og opplæringskontoret v/leiarane

Hei!

Eg meiner at grunnlaget som er vist i vedlegg for 2017-2018 bør vere det same for 2018 – 2019

Med venleg helsing

Bjarthe Heggheim – Regionsjef

tlf– 99 71 44 74



**OFEL – Opplæringskontoret for elektrofag i Sogn og Fjordane**

Firdavegen 6 | Postboks 781 | 6805 Førde

<http://www.nelfo.no> | <http://www.OKSU.no> |

Lik oss på <https://www.facebook.com/ofelsfj> 

# Opplæringskontoret for prosess og mekanisk industri

Sogn og Fjordane fylkeskommune

## Skuletilbodet 2018 til 2019

Vi meiner det er viktig at det er samsvar mellom antall vg 1 klasser i Teknikk og industriell produksjon – TIP og det antall vg 2 løp det skal rekrutteres til.

Det vert rekruttert til fleire andre vg 2 løp frå Teknikk og industriell produksjon, som td logistikk, anlegg og bergfag m fl. Det er difor viktig at det vert teke omsyn til og at antall vg 1 klassar TIP vert auka.

Antall vg 2 klasser industriteknologi må være samme som i 2017, men det bør takas omsyn til aukande behov for lærlingar frå vg 2 industriteknologi i åra som kjem. Sjå utklipp frå NHO sitt kompetasebarometer under.

For å få samsvar mellom industrien sitt behov for rekruttering til kjemi prosess meiner vi det er nødvendig at fylkeskommunen lyttar til næringslivet sitt behov og starter prosessen med å få på plass ein vg 2 klasse årleg i kjemi prosess ved Mo og Jølster eller Flora vgs. i tillegg til klassen ved Årdal vgs. Kwart år rekrutterer vi læringar frå Hordaland og Rogaland i kjemi prosessfaget, likevel har vi underdekning.

Tilbod om Videregående utdanning bør samsvaret med behov for fagarbeidere i arbeidslivet på kort og lang sikt . Det blir etter vårt syn feil å ta ned antall studie plasser med bakgrunn i at ikkje alle får læreplass. For å ha rett til læreplass må ein ha kvalifisert seg på vg 1 og vg 2 - minimum bestått i alle fag.

Sogn og Fjordane skil seg ikkje ut i forhold til resten av landet.

Kopiert rett frå NHO sitt kompetansebarometer 2017. :2.6 Behov for yrkesfaglig utdanning Bedriftene som svarte at de i stor eller noen grad har behov for håndverksfag (avsnitt 2.4) eller personale med fullført videregående opplæring yrkesfaglige programmer (avsnitt 2.5), fikk et oppfølgingsspørsmål om hva slags type yrkesfaglig utdanning de har behov for de neste fem årene. Bedriftene kunne her velge mellom ni hovedretninger, og det var mulig å oppgi flere hovedretninger. Det fremgår av figur 2.12 at flest bedrifter etterspør ansatte med utdanning innenfor teknikk og industriell produksjon. Deretter følger bygg- og anleggsteknikk, elektrofag, og service og samferdsel. I 2016 og 2015 var det flest som etterspurte ansatte med utdanning innenfor bygg- og anleggsteknikk.

Lenke til heile rapporten .: <https://www.nho.no/siteassets/nhos-filer-og-bilder/filer-og-dokumenter/kompetanse-og-utdanning/kompetansebarometer/nhos-kompetansebarometer-2017.pdf>

Førde 10 oktober 2017

Med venleg helsing

Jorunn Eide Kirketeig

dagleg leiar





## Dimensjonering skuleåret 2018-2019

Bilbransjens opplæringskontor i Sogn og Fjordane har fylgjande innspel til dimensjonering av skuleplassar for 2018-2019.

### VG2 køyretøy

Hausten 2016 vart det gjort vedtak om å redusere i frå 36 til 30 plassar, dette blei endeleg justert til 33 for inneverande skuleår

I skrivande stund er det minst 6 bedrifter som ikkje har fått rekruttert ny lærling. Vi manglar altså 6 lærlingar frå denne klassen.

Vi ber om at det blir 12 plassar i kvar region, totalt 36 plassar på VG2 køyretøy.

### VG2 bilskade, lakk og karosseri

Hausten 2016 vart det gjort vedtak om å redusere frå 12 til 6 plassar, medan vi spelte inn ynskje om 8 plassar.

I skrivande stund har vi 1 ledige læreplassar i bilskadefaget, men samtidig står det att 4 søkjarar som ikkje har fått læreplass. Det er per i dag forlite læreplassar i dette faget, men reduksjonen i tal plassar som vart gjort sist haust, får ikkje verknad i bedriftene før til våren 2018.

Vi meiner derfor at det framleis er behov for 8 plassar på denne lina.

### VG1 teknikk og industriell produksjon

Når eit utdanningstilbod ikkje lenger er tilgjengeleg på heimstaden, så viser erfaring at fleire ungdomar vel vekk faget dei har som første ynske, til fordel for tilbodet som ligg nær heimstaden.

Med bakgrunn dette ber vi igjen om at VG teknikk og industriell produksjon blir utlyst i Stryn. Dette er i strid med skulebruksplanen, men vi kan ikkje la vere å peike på utfordringa.


### VG1 elektrofag

Vi har ikkje noko konkret innspel i høve dimensjonering, men dette VG1 kurset har kryssløp til VG2 køyretøy og vi vil framover prøve å rekruttere fleire i frå VG1 elektrofag inn til VG2 køyretøy.


Førde 5. oktober 2017



Odd Arild Dale  
leiar Sogn og Fjordane  
bilbransjeforeining




Ørjan Solvang  
styreleiar Bilbransjen  
opplæringskontor



Roald Standnes  
dagleg leiar Bilbransjens  
opplæringskontor

Bilbransjens Opplæringskontor as  
Sogn og Fjordane



Sogn og Fjordane Fylkeskommune

Askedalen 2

6863 Leikanger

### **Kva betydning har ei god transportutdanning for Fylket vårt?**

For å kunne utføre det persontransporttilbudet, som det er behov for i Sogn og Fjordane dei neste fem åra, vil det vere behov for 30 – 40 nye sjåførar/lærlingar Pr år.

På lengre sikt vil dette behovet vere betydeleg større. I same periode vil lastebilnæringa likeeins ha behov for omlag det same tal nye sjåførar/lærlingar.

Skal ein ha eit opplæringstilbod for dette faget så er ein nøydd til å vidareføre med tre Vg 2 klassar innan Transport og Logistikk i Sogn og Fjordane. Tilboda bør leggest til Førde, Sogndal og Stryn. Næringa har eit stort behov for lærlingar og tek i mot alle som kvalifiserer seg. Transportutdanninga sin vidare eksistens vil såleis ha stor betydning. Dette gjeld ikkje berre for transportnæringa, men også for heile fylket.

Transportnæringa er viktig for fylket, som næring og arbeidsplass. Vi har mange store aktørar både innan persontransport og godstransport i Sogn og Fjordane. I tillegg er det også slik at dersom vi ikkje har ei godt utdanningstilbod innan transportfag i fylket, vil ikkje anna næring eller busetnad få dekkja sine nødvendige behov.

Eventuell nedlegging av Transportklassar vil ta ut botnen på opplæringa og svekke næringa endå meir i forhold til rekruttering. På sikt vil det vere med og gjere fylket mindre konkurransedyktig som bu og arbeidsområde. I tillegg vil ei viktig næring kunne få store driftsvanskar då tilgang til sjåførar er avgjerande for drifta.


Det er svært viktig for næringa at det vert ro kring kva tilbod som vert lyst ut.

Skal ein i Sogn og Fjordane satse på ei levedyktig transportnæring også i framtida, så må ein behalde dagens utdanningstilbod med tre klassar.

Førde, 06.10.2017

Med helsing

Opplæringskontoret for Transport og logistikk



Rune Apneseth

-dagleg leiar-

Emne:

VS: opplæringstilbod 2018-2019

Fra: John Ove Grov [mailto:john.grov@enivest.net]

Sendt: fredag 6. oktober 2017 12:45

Til: Sissel Brusegård <Sissel.Brusegard@sfj.no>

Emne: opplæringstilbod 2018-2019

### Opplæringstilbodet 2018-2019

Bransjen i vore fag manglar fagfolk og kan ta inn mange fleire lærlingar. Kokk- , inst. kokk- og servitørfag er der det manglar mest lærlingar, men og i resepsjonsfag er det for lite.

I matfag er det og mangel på lærlingar, men sidan vi ikkje har matfagklasse i fylket utdannar bransjen eigne tilsette fram til eit fagbrev.

Opplæringstilbodet i Nordfjord og Sogn er vel vi nógde med, men i Sunnfjord burde det være ein klasse til på vg 1 og vg 2 nivå. Det aller beste hadde vore ein 1/2 klasse matfag og 1/2 kokk/servitør på vg.2 nivå. Det er i mange tilfelle betre med klassar med 10 elevar enn ein stor klasse med 18-20 elevar.

John Ove Grov

Dagleg leiar



**Opplæringskontor  
for Hotell- og Matfag**

Sogn og Fjordane

Concordbygget

Postboks 719 - 6800 Førde

Mobil +47 90056438

[john.grov@enivest.net](mailto:john.grov@enivest.net)

[www.okhm-sfj.no](http://www.okhm-sfj.no)



Virusfri. [www.avast.com](http://www.avast.com)

Til:  
Sogn og Fjordane Fylkeskommune  
v/Opplæringsavdelinga

Måløy 04.10.2017

**ANG: Innspill til dimensjonering.**

OKFH har følgende innspill til fagene vi representerer:

**MARITIME FAG – MATROS OG MOTORMANN- VG2.**

OKFH mener dagens dimensjonering er grei. Vi har et behov for 3-4 motormenn og 3-8 matroser årlig, og har fått tak i lærlinger til de plassene våre lærebedrifter har.

Vi minner her om at Fjord1 som årlig tar inn ca 30 lærlinger i disse to lærefagene burde ha fått uttale seg om sitt behov for disse fagene. De er representert gjennom Maritimt Opplæringskontor i Ålesund og Haugesund.

**NATURBRUK Vg1 / FISKE OG FANGST Vg2 / AKVA vg2 / YSK AKVA.**

Dagens situasjon: 12 plasser på vg1 (blå) - Måløy Vidaregåande Skule.  
6 plasser vg 2 akva  
6 plasser vg 2 fiske og fangst

Søkertallene til Naturbruk vg1 blå linje har vært svært positiv de siste årene. Siste års tall viste 19 søkere til 12 plasser, og dette regner vi med vil fortsette i årene fremover. Denne trenden ser vi langs hele kysten både på videregående og høyskole nivå. Det er også veldig gode søkertall til de 4 YSK /TAF akva plassene en har på Måløy Vidaregåande Skule.

Vi får også signaler om historisk stor interesse for Naturbruk på hospiteringsordningen, med god spredning fra hele fylket.

Det har ikke vært problem med formidlingen i våre fag, verken de som skal til akvakulturnæringen eller de som skal til fiske og fangst faget. For fiske og fangst har vi måtte hente 3-5 lærlinger hvert år fra andre fylker.

**Ønske:**

Det er et ønske fra OKFH og våre lærebedrifter at gjøres et forsøk på å øke tallet på Naturbruk vg1 (blå) fra dagens 12 plasser til 16-18 plasser fra 2018/19 (+ ½ klasse), og på sikt ser vi for oss at dette tilbudet økes til 2 x 12 plasser fra 2021/22. (2 klasser)  
For 2019/20 må en da dimensjonere opp vg2 Fiske og fangst og vg2 akvakultur med tall tilsvarende økningen på vg1.

Slik vi har forstått det vil kostandene med å øke med ei halv Vg1 klasse (6) være vesentlig mindre enn ved en økning til ei full klasse (12)

For YSK akva ordningen er det ønskelig med en mer fleksibel ordning enn dagens svært beskjedne 4 plasser. YSK akva er en etterspurt ordning ute i våre lærebedrifter, og det er skuffende at antall plasser er begrenset til 4 pr. år.

Det er mange spennende prosjekt på gang i fylket innen havbruksnæringa, og flere vil det bli. Vi nevner ny konsesjon i Måløy området (Coast Seafood AS), ny konsesjon for landbasert oppdrett på Bulandet (Bulandet Miljøfisk AS), storprosjektet til Nektst i Florø, landbasert anlegg i Måløyområdet, undervisningskonsesjonen til Fylkeskommunen m.fl. De fleste av disse har intensjon om å ta inn lærlinger fra første dag.

Med bare 6 kandidater fra vg2 blir det svært begrenset hva vi kan tilby til lærebedriftene våre. Nevner også at Marine Harvest har 29 lokaliteter på sjøen og 7 på land i deres Region Vest (Sogn og Fj + M&R), der mange av disse lokalitetene ennå ikke har hatt lærlinger.

Vi ser også en veldig positiv trend innen fiskerisektoren til tross for at det fortsatt restruktureres her. Det satses aktivt på ungdommen som vil inn i yrket gjennom lærlingeordningen.

Vi håper på positiv respons på dette ønsket, så vi kan være med å bidra til den positive trenden vi ser innen de marine fagene.

Med hilsen  
OKFH  
Bjørn Kvalheim